

Folgefonnhalvøya



Sluttrapport 2006

BNL – Bærekraftig næringsutvikling
i lokalsamfunna

Namn på prosjekt

SAMHANDLING OG NÆRINGSUTVIKLING PÅ FOLGEFONNHALVØYA

Visjon

"Gjere Folgefonnhalvøya til ein samhandlande region"



Biletet på framsida er av blomen
fjelldronning / bergfrue
Saxifraga cotyledon

Denne er frå gammalt av Noregs
nasjonalblom, kommuneblom til Ullensvang;
ein av kommunane på halvøya, og den er
symbolblomen i logoen for Folgefonna
nasjonalpark

Tekst og alle foto i denne rapporten er av:

Arnhild Bleie , 5776 Nå

Telefon: +47 - 53 66 23 53

@- adr: abbl@online.no

Mi hovudutdanning er som sivilagronom med hagebruk som spesialfelt frå Universitetet for miljø- og biovitenskap (tidligere Norges landbrukshøgskole - NLH). Starta som nyutdanna opp I ndre Hardanger forsøksring i 1985, og jobba som rådgivar der i 12 år. Deretter var eg 3 år som forskar ved Bioforsk Ullensvang. Då dette tusenåret tok til før eg våga å stå heilt på egne bein som heiltids gardbrukar med prosjektretta konsulentteneste som tilleggnæring. Sia då har eg jobba mykje med diverse bygdeutvikling både lokalt og regionalt. Eg håpar du som les i denne rapporten får hug å gjere deg meir kjend med alt det spennande bygdene rundt Folgefonna har å by på.

Takk til alle som har medvirka til å få gjennomført "Folgefonnprosjektet"

V ennleg helsing Arnhild B leie

INNHALD

| <u>TEMA</u> | <u>SIDE</u> |
|--|-------------|
| 1. Innleiing, bakgrunn og mål for prosjektet | 4 |
| Innleiing | 4 |
| Bakgrunn | 5 |
| Mål: Hovudmål og Delmål | 6 |
| 2. Organisering og oppstart | 7 |
| Styringsgruppe, PA , PL | 7 |
| Kven har delteke | 8 |
| Fasar i arbeidet | 9 |
| Døme på aktivitetar | 9 |
| 3. Oppnådde resultat | 10 |
| Hovudmålet: Meir samhandling | 10 |
| Delmåla: Kartlegging - Samarbeid - Næring - Info | 11 |
| Kartlegging og samarbeid | 11 |
| Streifa | 12 |
| Landskapsparkar | 13 |
| Lokalsamfunnsutvikling | 14 |
| Døme på opplevingar | 15 |
| Steinparken | 15 |
| Eikemostølen | 15 |
| Turvegar | 16 |
| Ciderturar | 16 |
| Særprega serveringsstader | 16 |
| Lokal vidareforedling av mat | 17 |
| Matprodusentar | 17 |
| Handverk og kunst | 17 |
| Båt - bre og bading | 18 |
| Guiding og tilrettelegging | 18 |
| Kulturminne | 18 |
| Kunstoppleving | 18 |
| Grønt samarbeid | 19 |
| Grøn skule | 19 |
| Naturterapi | 19 |
| Hardangerbryllaup | 19 |
| Info | 20 |
| Kart | 21 |
| 4. Vurdering mot oppsette mål | 22 |
| 5. Oppsummering av nokon tankar | 23 |
| 6. Kostnader og finansiering | 24 |
| 7. Vidare oppfølging | 25 |

1. Innleiing, bakgrunn og mål for prosjektet



Innleiing

Følgefonne over Jukladal

Følgefonnhalvøya er grenselandet mellom Hardanger og Sunnhordland. Midt oppå deler vi ein flott isbre; Følgefonna. På denne halvøya har ein har moglegheiter for å samordna næringsutvikling innan natur og kultur i desse to regionane. Både kulturminne og natur har unik kvalitet. Storsamfunnet har sikre dette gjennom vern. Følgefonna nasjonalpark er vel eit år gammal, og kanskje den viktigaste fellesnemnaren for naturbasert næringsutvikling i området så langt.

Vi har viktige og veldig ulike verna kulturminne som bondelandsbyen i Agatunet, vasskraft- og industriminna i Odda, adelsstanden ved Baroniet i Rosendal, og båtmiljø m.m. særleg i Herand. Dette viser det store mangfaldet området kan vise til når det gjeld ulike næringar sine kulturminne.

Kulturlandskapet òg varierer på kort avstand med frukt som dominerande hovudnæring aust for fonna, og husdyrhald lengst vest. Landbruket i indre områda har nokon av dei minste gardane i landet, og sterkt behov å utvikla tilleggsnæring for å halda kulturlandskapet i hevd.

Med opninga av Følgefonntunnelen vart nye grender grannar, og med planar om Jondalstunnelen vil folka på denne halvøya med tida kunna verta knytt enda nærare saman.

Utviklingstendensar i området har vore nedgang i folketal og arbeidsplassar frå midt på 1990 talet. Særleg gjeld dette dei tre Hardangerkommunane rundt fonna: Odda, Ullensvang og Jondal. Kvinnherad hadde nedgang i folketalet i den perioden, medan Etne var mest stabil.



Impulsiv 'vardekunst' ved Sommarskisenteret

Bakgrunn

Med bakgrunn i fylkesdelplan for kultur, strategisk næringsplan og fylkesplan for Hordaland, starta tidlegare arbeid for Folgefonnhalvøya i 2001. Fokus var regional utvikling på halvøya, og vern gjennom bruk i høve til utvikling av nasjonalparken. Det regionale samordningsprogrammet "Berekraftig næringsutvikling i lokalsamfunna" delfinansierte forstudie og forprosjekt på Folgefonnhalvøya for å styrke næringsutviklinga ved aktivt å ta i bruk ressursane som dannar staden sin eigenart.

Fleire bygder hadde sjølve drive lokale utviklingsprosessar utan å vita mykje om kvarandre. Dette resulterte i at dei kunne visa til lokalt forankra organisasjon som har fått til gode felles resultat, og som vidare var med å styrkje den lokale identiteten. Ein oppretta derfor tidleg i prosessen eit kontaktnett "Forum Folgefonn" mellom lokalsamfunna for å kunna utveksla erfaringar og eventuelt samhandle.



Mål

Hovudmål

Auka samhandling på Folgefonnhalvøya for næringsutvikling, med fokus på småskala natur- og kulturressursar i lokalsamfunna.

Delmål

- SAMARBEID
 - Sikre konstruktivt lokalt samarbeid i høve til utviklingspotensialet i lokalsamfunna og nasjonalparken
- NÆRINGSUTVIKLING
 - Utvikle lokale tiltak og felles tiltak rundt halvøya, reiseliv, bygdeutvikling, kulturlandskap og anna
- INFORMASJON / MARKNADSFØRING
 - Utvikle organisering, informasjon og marknadsføring.



*'Brureika' på Lothe - Noregs tjukkaste tre over 14 m i omkrins.
Den er delt i to som halvøya, men har felles røter og er eit majestetisk tre*

2. Organisering og oppstart

Styringsgruppe

1. Kommuneforankring rundt Folgefonne:
Ordførar John Skogseth
2. Forum Folgefonn – bygdelagsnettverk på omgang:
 - Kåre Grønsnes frå Vikebygdkrinsen
 - Arne Gjellan frå Rosendal,
 - Kjersti Bondhus frå Mauranger
 - Johan Haugen frå Herand
3. Grunneigar- og entreprenørskapsinteressene ;
Leif Sverre Enes – gard, Lakseparken og camping
4. Den norske Turistforeining / dei lokale turlag ;
Anne Kari Enes - Kvinnherad turlag
5. Nærings- og reiselivet;
Arne Havnerås - Rosendal Fjordhotell
6. Museumsinteressene;
Solveig Jordal - Hardanger Folkemuseum Utne
7. Hordaland fylkeskommune vart delt;
Vigdis Bjørgo og Karen-Louise Nybø
- Hordaland fylkeskommune, Arb.laget for LSFU
8. Fylkesmannen i Hordaland vart delt;
Åse Vaag og Anders Stub - Landbruksavdelinga

Kontaktpersonar for kommunar ikkje representerte i styret har vore:
Rolf Bøen frå Odda og Erik Kvalheim frå Etne

Prosjektansvarleg – PA :
JOHN SKOGSETH, 5627 JONDAL

Prosjektleiar – PL :
ARNHILD BLEIE, 5776 NÅ

Start: 1. november 2003
Slutt: 1. desember 2006



Solnuten



Ulvanosi



Frå Gjetingsdalen mot Folgefonna

KVEN HAR DELTEKE

Lokalsamfunna i Forum Folgefonn

I starten vart i alt 15 område som på ein eller anna måte hadde vore innom prosessar med ulike bygdeutvikling inviterte til å delta vidare.

- Åkrafjorden i Etne kommune,
- Åkra, Baugstrand, Matre, Utåker, Uskedalen, Rosendal og Mauranger-Ænes i Kvinnherad,
- Kysnesstrand, Torsnes, Jondal, Øvre Krossdalen og Herand i Jondal kommune,
- Vines, Utne og Vikebygdkrinsen i Ullensvang herad,
- Hjøllo-Mannsåker og Skare, vart seinare samla til "Odda-dalane" i Odda kommune

Det vart informerte om vidareføring prosjektet, og kva ein kunne utvikle vidare. Alle var i utgangspunktet positive. Likevel vart det ikkje den heilt store aktiviteten overalt fordi tema eller tida ikkje var den rette. Eldsjeler sa dei følte både dei og bygda etterkvart "trong litt pause", andre sa dei var for få til å delta aktivt i større regionale samlingar/ arbeid o.l.. PL måtte godta dette, og likevel halde kontakt med å la dei å orientering om ting som skjer.

Ein har også naturlegvis aktørar som jobbar godt individuelt rundt i heile området med å utvikla natur- og kulturressursane. Men som lokalsamfunn peike det seg etterkvart ut færre område som ville jobbe vidare med felles utvikling i denne fasen: Herand, Vikebygdkrinsen, Odda – dalføra oppover til Seljestad, Åkrafjorden, Uskedalen og delvis i Mauranger.

Samling av medlemer frå ulike lokalsamfunn rundt halvøya – omvising i Vinesgrenda - her eit stopp ved Steinkrossen på Hesthamar



FASAR i arbeidet

- Oppstart og jamleg kartlegging av ressursar innan natur og kultur som folk kunne utvikle.
- I déutvikling på grunnlag av ressurskartlegginga og samarbeid om oppleving – t.d. Streifa
- Kursing og fagturar for vidare utvikling – oppfølging av desse
- Avslutningsprosessen vart amputert til enkel oppfølging med aktørane og rapportskriving pga redusert økonomiske midlar.

Døme på aktivitetar:

Kultur- og naturlosing

- kurs med både teori og praksis om korleis ein legg opp og føl ein raud tråd når ein er både formidlar og turleiar. Lærarar var nokon av dei beste i landet; naturlos Hanne Thomsen og kulturlos Eli Aga, baa frå Stavanger, underviste 35 særers fornøgde deltakar.



"Nok kartlegging – no må det handling til"

Oppmuntringskurs med humørbonden Geir Styve som har visjon om å gi folk refleksjonar. Gjennom grunnverdiane humor, fantasi, galskap og mot ynskta han å skape glede, glød og begeistring hjå i alt 110 deltakar fordelt på tre kurs i Mælen, Tjødnadalen og Uskedalen.



Fagtur

Det deltok folk frå fleire lokale område på tur til Gylne Omvei i Nord Trøndelag. Det var i lag med andre hordalendingar for å lære korleis andre har bygt seg opp via forplikande samarbeid .



3. Oppnådde resultat

Hovudmål: Meir samhandling

Dette er sjølvsagt vanskeleg å måla direkte for heile området.

Det mest synlege er nok knytt opp mot Folgefonna nasjonalpark, som kanskje òg er det mest naturlege fellesskapet så langt. Det har i løpet av desse åra vore ei positiv utvikling i engasjement og vilje i dei ulike kommunane til å ta ansvar for felles utvikling og informasjon om nasjonalparken.

Ei av årsakene til det er truleg det nye modellen ein har arbeidd fram med ein desentralisert struktur for informasjon og besøksmål i nasjonalparken. Ein har eit mindre nasjonalparksenter i Rosendal, samstundes som ein utviklar eigne besøksmål og lokale infosenter rundt i alle kommunane.

http://www.miljostatus.no/hordaland/tema/naturomrade/Verneplan_Folgefonna/index.htm



Folgefonna nasjonalpark Bondhusvatnet med breen i bakgrunnen

Delmåla: Kartlegging - Samarbeid - Næring - Info

Desse stikkorda heng tett saman når ein går frå kartlegging og over i utviklingsfasar. Det har kome opp mange spennande ting, dels initiert av prosjektet, dels tankar folk har sysla med i lengre tid.

Kartlegging og samarbeid

Lista over kartlagde ressursar er veldig lang, og føregjekk mest første sesongen.

Næringsretta samarbeid som kom i gang i denne fasen er m.a. Folgeform i Odda, Folgefonn Husflidslag, Hardanger ciderprodusentlag og Hardanger fjordprodukt.

Ein hadde forsøk på stort samarbeid som ikkje nådde fram, t.d. prøvde ein å få til eit felles pilotprosjekt for kulturminne rundt heile halvøya. Det nådde ikkje opp i konkurransen. Mindre område på halvøya hadde sine egne søknader inne samstundes. Odda nådde opp med sin søknad, men samarbeider med andre industriområde utanom halvøya.

http://www.oddakommune.no/modules/module_123/proxy.asp?iCategoryId=4&iId=14801&iDisplayType=2



Produkt laga av aktørar Folgeform og Folgefonn husflidslag





Mot midtre og nordlege del av Vikebygdkrinsen

Streifa

Det mest synlege produkta og utprøving av lokalt samarbeid er Streifa ein starta med i 2005 i samband med å markere 100års unionsfridom. Dei vart skipa til i tre område på halvøya: Vikebygd, Herand og Åkrafjorden, samt at aktørar frå Krossdalen var sterkt involverte i eit anna Streif i Hardanger. Streif-tilskipingar i kulturlandskapet der lokale aktørar innan matproduksjon, tilbod om opplevingar, kunst og kultur m.m. samarbeider er truleg komne for å bli, iallfall nokon år framover.

Erfaringane frå Streifa er gode å byggja vidare på, både på utvikling av idear og samarbeid mellom lokale aktørar. Dei små tilbydarane kan lettare bli synleg, og bli viktige brikker òg for dei større aktørane innan reiselivsnæringa, t.d. hotell. Det ser likevel ut for at det tek tid før ein har godt innarbeidde rutine på slikt samarbeid, dvs at dei store hugsar på dei små.

Nye område på halvøya er i gang, og det har inspirert til andre idear som tematiske Streif i framtida, t.d. 'Fjellstreif' i Rosendal, 'Frukoststreif' og 'Sanseleg Streif' i Hardanger. Det første er eit streif med fokus på nasjonalparken, det siste er eit samarbeid i randsona rundt parken mellom fruktdyrkarar og kunstnargruppa Harding Puls.

Streif var først kun ei slags 'hending'. Men suksessen førte alle stader til klare tankar om: "kva kan ein gjere for ta i bruk kulturlandskapet enda meir aktivt i næringsssamanheng"?

Tanken førte oss vidare til landskapsparkar.




Landskapsparkar

Dei same tre områda som hadde dei opphavlege Streifa er i gang med å vidareutvikle dette til enda meir forpliktande samarbeid med fokus på næringsutvikling gjennom det som vert kalla "Landskapsparkar". Desse skal utvikle seg både innan sine avgrensa område, samarbeide seg i mellom, og dei kan heilt sikkert vera med å stimulere nye område til å kome i gang. Geoturisme er eit av grunnprinsippa. Det betyr at utvikling av opplevinger og reiseliv skal ivareta, forsterka og framheva staden sin eigenart innan natur, miljø, kultur, estetikk, kulturarv, og kome lokalsamfunnet til gode slik at ein held fram med å vera levande bygder med eit velstelt kulturlandskap. Les meir på www.landskapspark.no

Åkrafjorden sørover mot Langfoss



Ved Herand



Ved Vikebygdkrinsen

Lokalsamfunnsutvikling

Det er mange ulike små og store aktører som er med vidare i denne prosessen. Mest alle stadar jobbar dei med vidareutvikling av turstiar i nærområda sine. Dette er eit varig prosjekt pga vedlikehald. Ein har som mål, om fysisk mogleg å knyte saman eit turvegnett rundt heile fonna. Det er ein balansegang kor mykje ein skal "gi gratis" av t.d. info langs desse turvegane for å kunne bruka dei òg i lokal næringsverksemd, som turlosing og kunnskapsformidling kan vera.

Positive samarbeid og utvikling av lokalsamfunn utanom dei som er med i Streif/ Landskapsparkar og som PL har vore involverte i skjer spesielt i Odda og i Uskedalen. Desse har òg baa stadar fått i gang gode lokale samarbeidsprosjekt som vil drive arbeidet vidare, og truleg vil bere gode frukter i framtida. I Rosendal har ein dyktige enkeltaktørar som er eldsjeler og år til ting.

Nokon lokale utviklingsprosessar kan du lese meir om her:

<http://www.uskedalen.no/no/>

<http://www.herand.no/>

<http://www.rosendalstiftinga.no/index.html>



Uskedøler på synfaring oppover den flotte dalen sin i fasen med kartlegging og planlegging

Døme på opplevingar

Mangfald i moglege tilbod er for stort til å til få ein naturleg plass i ein liten rapport. Det er dessutan fleksibelt etter kva ein "syr saman", og vil vera i kontinuerleg utvikling. Slike tilbod er oftast ikkje moglege utan samarbeid mellom ulike aktørar, enten det er snakk turisme, lagbygging, undervisning/formidling, helse/velværetilbod eller anna.

Nokon relativt nye enkelt døme er teke med nedafor.

Steinparken

I Rosendal har Rosendal Stiftinga vore ein god pådrivar for å få til lokalsamfunnsutvikling, til dømes Steinparken, og no Malmanger prestegard. Samstundes har dei hatt fokus på å setje sine tiltak inn i ein større samanheng som gjeld heile området rundt og i Folgefonna nasjonalpark.



I Steinparken er geologi rundt heile halvøya presentert, og det er ei lott oppleving å gå rundt der for store og små.

Eikemostølen

- den einaste gjenverande stølen som er i moderne drift på halvøya høyrer til veglause gardar i Åkrafjorden. Den blir og nytta til anna enn stølsdrift, som tilskippingar og opplevingstilbod, mellom anna innlemma iglade helgar med male- og latterkurs.



Turvegar

Mange område driv og vidareutviklar turvegane sine til å verta finare og finare opplevingstilbod som folk kan gå både på eiga hand, men som òg kan nyttast til guida turar. Døme er 'Kulturstigen' i Herand, 'Ordtakstigen' i Måge og 'Poestien' i Krossdalen.



Ciderturar

Kome til gard i Hardanger, vera med å plukka eple, pressa saft og laga ekte hardangercider, gjerne avslutte med eit måltid i ein gammal ciderkjedlar. Det kan vera tema både i oppleving og lagbygging. Nokon er komne i gang med å vera slike besøksgardar, og fleire er interessert i å kome i gang.



Særprega serveringsstader

Å ta i bruk utradisjonelle stadar og servere god lokal mat finn ein fleire og fleire som får augo opp for å utvikle for mindre grupper. Dette er ofte kombinert med anna arbeid / aktivitet i verksemda, og i samarbeid med t.d. kulturtilbydarar i lokalsamfunnet.



Lokal vidareforedling av mat

I Åkrafjorden har dei lang tradisjon for å vidareforedla råvarene sine. No er ein kome i gang i dei andre kommunane òg. Folk lagar sine eigne kjøttvarer, bakverk og hermetikk heime, og sel direkte eller via gardsbutikkar.



Matprodusentar

Det er ein del som ikkje er bønder, men lagar mat med lokale råvarer om mogeleg. Erfaringar er ulike. Nokon har laga seg eigen arbeidsplass og kan måtta utvida, andre har starta opp og lagt ned av ulike årsaker. Trenden ser likevel ut til at det vil verta meir og meir etterspurt med lokalt produserte og heimelaga mat.



Handverk og kunst

Godt handverk og kunst har lang tradisjon i området. Særleg Hardanger har vore sterkt med på å forme "det norske" i så måte. Det er viktig å ta vare på slike estetiske uttrykk og kunnskap fordi det er ein viktig del av identiteten. Dessverre er det ikkje alltid like bra betalt. Likevel har nokon klart å skape seg arbeidsplass, med arbeids-, sals- og besøksverkstad, og har nok gjere. Dei sel òg for andre som jobbar mest på hobbybasis. Her kan ein kjøpe ekte suvenirar.



Båt - bre og bading

Det er relativt enkelt og populært å ta i bruk fjorden meir som del av opplevingar. Det har vore ytra ynskje om fleire utleige av båt sjølvom det ikkje er den heilt store inntekta på det åleine. Det er for å prøva å stoppa meir tilfeldig forbi-passerande med å ha større synleg mangfald. Det er og interessant i kombinasjon med bre og bading.



Guiding og tilrettelegging

Det er heilt nødvendig med lokale aktørar som tilrettelegg når ein har så mange småskala tilbod. Åleine vert ein altfor liten, og gir opp. Ein har nokon som driv slik aktivitet på halvøya. Nye har gått på etablerarkurs, og er så vidt i gang, eller har planar om det i fleire av områda.



Kulturminne

Halvøya har eit mangfald av kulturminne relativt mykje større enn ein kan finne elles på så kort avstand i fjordnorge. Nokon er særst godt tekne vare på, andre treng sårt til å få hjelp slik at dei kan visast fram, eller utviklast og nyttast i næringssamanheng. Her representert med det spesielle rekkjetunet og teknisk installasjon på Eikenes.



Kunstoppleving

Bygdelag, enkelt aktørar og kunstnarar i Harding Puls ynskjer vidareutvikla dei gode erfaringane med 'Landart' i Streif. Ein vil gradvis laga besøksmål som er spesielle "kunstarena", og vera med på tilskipingar der kunst er sterkt involvert.



Grønt samarbeid

Grøn skule

Dette har ein fleire stader – nokon aktørar var på inspirerende studietur rundt i Hordaland.

Her er døme frå "Grøn skule" på Rogdo der elevane er med og fôrar sauene om morgonen.



Naturterapi

Nokon har planar om å ta i bruk naturen som arena i enkel terapi- og velværebehandling. Eller berre kun enkel avslapping med tilbod om "den gode samtale" som ein del av pakken. Alt skal skje ute i fin natur.



Hardangerbryllaup

Tiltak med ringverknad ? Dersom det går som nokon ynskjer skal dei via godt samarbeid skipa til skikkeleg gammaldags Hardangerbryllaup for gifteklare med gjester. Samstundes skal ein synleggjere og tilby å tilretteleggja ei rekkje andre tilbod her i regionen som gjestene kan gjere på i etterkant.

Det håpar ein vil gi positive ringverknad for mange.



Info

Det er varierer i dei ulike områda av halvøya kven som vil laga informasjon; kommunane, bygdelag, turistvegprosjekt, nasjonalparken. Slik kan lett verta ein planlaus "skiltjungel" utan vilje til samordning.

Følgefonnprosjektet fekk laga eit fint kart som vart delt ut til hotell, serveringsstader, utleigeeiningar, ferjer og turistinformasjonar. Men dette vart laga før ein visste kor grensene for nasjonalparken kjem, slik at noko varig tavle med dette på kunne ein ikkje laga. Ein gjekk derfor inn for å samarbeide med nasjonalparksenteret og den informasjonen dei skal laga rundt i heile området der det er besøksmål.

PL ynskte undervegs å få dei ulike lokalsamfunna til å utvikla sin eigne "lokale infokrokar" , og laga ein fleksibel mal med piktogram for det som alle kunne bruka om dei ville. Det tek for stor plass å ha kopi av slike her , berre for Vikebygdkrinsen åleine tek det 10 sider. Malen er nedafor.

Inndeling lokal info

1. TURISTINFO: Kommunal turistinfo/Lokale infokrok/Turistveginfo
2. TURLOSING - GUIDING
3. OVERNATTING ; Camping, hytter, hotell, gjestehus, Bed & breakfast, gards- og stølshus
4. SERVERING; Spesielle serveringsstader, vegkro / kafé, hotell / motell
5. DAGLEGVARER og GARDSBUTIKKAR
6. BANKAR
7. POST
8. TAXI OG BÅTSKYSS
9. VERKSTAD og/eller DRIVSTOFF for både båt og bil
10. MØTE - OG FESTLOKALE I BYGDENE
11. RASTEPLASSAR
12. NATUR - IDRETT OG AKTIVITETAR
13. KUNST, HUSFLID OG HANDVERK - galleri, utsal og verkstader
14. MUSEUM, FORN- OG KULTURMINNE og MILJØ
15. ANDRE SÆREIGNE BESØKSMÅL
16. KULTURELLE VANDRINGAR M / GUIDE OSV
17. OFFENTLEGE BYGG; Skular, barnehagar, gamleheimar, kommunehus , bibliotek, brannstasjon, politi, kyrkjer/bedehus/kyrkjegardar
18. HELSE OG VELVÆRE
 - Lækjar- og helsestasjon
 - Apotek/medisin
 - Sjukehus
 - Vinmonopol
 - Tannlege
 - Frisør
 - Anna kva enn de har eller kjem på
19. Anna ? - vennlege oppmodingar ?

Kart

Den vesle brosjyren med litt tekst på norsk og engelsk, og som inkluderte eit lite kart inni har vore veldig populær, i følgje tilbakemeldingane frå dei som deler ut slike.

Ein har delt ut mange tusen av den i denne perioden, og kunne sikkert ha trykt opp fleire, men ein ville laga eit nytt kart der nasjonalparkgrensene er teikna inn. Dei har ikkje vore 100% klare, derfor har ein ikkje kunna fornya kartet i denne perioden,



4. Vurdering mot oppsette mål

PL har, sikkert som folk flest, hatt mykje større forventningar enn dei ein føler ein har klart å gjennomføre. Men i eit demokratisk samfunn må ein ha byråkrati og tolmod. Ting tek tid, ting kostar å få til, folk har ulike ståstad, og ting heng saman. Ingen kan jobba heilt i si eiga verd, men må ta omsyn til andre.

Får ein til eit godt samarbeid er det som eit tak av villhedler; godt lagt held det tett, og huset står i mange år sjølvom ein i utgangpunktet er veldig ulike i storleik og form.



Det var ikkje eit stort problem, men ein del tiltak kunne ikkje utviklast i praksis pga lovverket er slik når ein er i ein periode med konsekvensutgreiing for eit areal, slik det var for Folgefonna nasjonalpark. Det var dels ein bremsekloss for nokon sine idear. Enno eit år etter opprettinga er ikkje grensene for nasjonalparken trekte endeleg opp alle stader, så nokon stadar ligg folk og ventar på å få kome i gang. Det positive er vel at då har ideane deira fått modna.

Ein anna verknad av å kome midt i konsekvensutgreiing for nasjonalparken var at mange folk prioriterte å bruke ressursar på det praktiske rundt den, kor grensene skulle gå, kva rettar dei hadde, osv. Dermed vart det ikkje overskot til å jobba med kva dei i etterkant kan utvikle av lokale næringar. Det var dels stor skilnad mellom bygdene om dei såg negativt på opprettinga av nasjonalparken. Der i ligg kanskje ei forklaring på at ein hatt nedgang i aktivitet i nokon bygder ein ikkje hadde forventa det, og oppgang andre stader.

5. Oppsummering av nokon tankar

" Det er ei tung æra å gange fyrst i snjobrauti" står det i ordtakstigen. Kommunane på halvøya har forpliktande samarbeid å følgje i kvar sin region; Sunnhordland eller Hardanger. Ein må ha respekt for slike tradisjonar. Det å gjere berre deler av to regionar, og berre deler av nokon kommunar, til ein samhandlande ny region, det kan verta tungt. Folk likar ofte å "ha det slik det er", og ser på slikt arbeid som ein trussel for eigen identitet. Det er ikkje lett å ha lokal ståstad og "fugleperspektiv" samstundes, og som klarar sjå kompromiss som trekkjer i ein og same retning for regionane.

Nettverk med Forum Folgefonn var eit godt kontaktreiskap for PL ut mot bygdene. Likevel spørst det om nytten har vore gjensidig. I nimmellom følest som om det har vore altfor mykje "einvegskommunikasjon" frå PL til bygdene. Forklaringa er kanskje at folk jobbar under tidspress, og må prioritere hovudaktiviteten sin i lokalsamfunnet. Gjensidig kommunikasjon med områda utan for eigne grenser vart ofte noko av det som dei måtte nedprioritera fekk eg til svar.

Alle veit kor tungt det kan vera når ein ikkje har balanse mellom det å gi og ta – det gjeld og utveksling av informasjon. Vissa om at ting tek tid, at der alltid er ei årsak til folk sine val utan at må ta dei personleg, at ein PL kan ikkje trekkja ting nedover hovudet på nokon, at ein må visa tolmod osv, slik erfaring gjer at ein ikkje gir opp.

PL har prøvd å jobba utifrå at prosjektet skulle mest vera eit mellomledd eller katalysator for å hjelpe andre. Aktørar og samfunn måtte ha eige initiativ, og vera sjølvstendige og klara seg på eiga hand vidare. Det var ikkje eit kortvarige Folgefonnprosjektet i seg sjølv som skulle "seljast", men alle dei aktørane rundt som prøvde å utvikle meir framtidige og varige ting. Det var veldig viktig for verdien av prosjektarbeidet at ein fekk slike samlande "stafett-pinnar" som Streif, Landskapsparkar og Kultutminnepilotar, som jobbar vidare i den retninga Folgefonnprosjektet var med å staka ut.

Det er viktig for alle involverte å vita kva økonomiske rammer ein har, så ein ikkje får ein slik brå avkorting som dette prosjektet fekk. PL følte det vart veldig trasig avslutning pga dette, fordi ein fekk ikkje fullført oppfølginga av aktørane slik ein hadde vilja. Eg vil folk skal vita kvifor det ikkje vart heilt som planlagt, og så ynskje alle lukka til vidare og sei: Stå på for det de har tru på !

6. Kostnader/finansiering:

| Kostnader: | | | Finansiering: | | |
|---|------------------|--------------------|---|--------------------|------------------|
| Art: | Rekneskap | Budsjett | Kjelde: | Budsjett | Slutt |
| Konsulentløn | | 990.000,- | Hordaland Fylkeskommune | 542.000,- | 542.000,- |
| Kurs, reiser, tilskipingar o.a. | | 210.000,- | Fylkesmannen, Landbruksavd. | 542.000,- | 542.000,- |
| Drift, kontorhald og leige, tlf., porto o.l. | | 120.000,- | Odda, Ullensvang, Jondal - Hardangerrådet | 325.000,- | 325.000,- |
| Informasjon og Utgreiingsarbeid | | 270.000,- | Etne, Kvinnherad - Samarbeidsrådet i Sunnhordland | 217.000,- | 70.000,- |
| Moms | | 0 | | | |
| SUM PR 3 ÅR | 1.479.000 | 1.626.000,- | | 1.626.000,- | 1.479.000 |

Merknader:

Hardangerrådet hadde avtale med PL. Dei forskoterte prosjektet mot å få årleg etterbetalt frå dei andre finansieringskjeldene; Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga. Dessverre vart ikkje prosjektet fullfinansiert pga ein ikkje fekk tildelt forventta midlar for meir enn ein tredjedel av tida frå Sunnhordlandsregionen.

Dels skuldast det ei misforståing fordi ein gjekk ut i frå at alle finansieringspartane sa ja til å delta i heile prosjektet ved å delta første året. Det var ikkje tilfelle for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Styret prøvde å finna andre finansieringskjelder for å kompensere dette underskotet utan å lukkast. Løysinga for å gå i balanse vart dessverre derfor å kutta ned på det praktiske arbeidet i prosjektet tidlegare enn tenkt.

Ei anna vesentlege avvik frå budsjettet vart det då det kom til nye reglar for moms på konsulenttenester. Dette reduserte sterkt dei mogelegheitene ein til dømes hadde for å finansiere eigne delprosjekt og kjøpe inn andre tenester. Prosjektet har likevel kjøpt rekneskapsteneste, og sjølv sagt nytta autorisert rekneskapsfører.

7. Vidare oppfølging

- Det er viktig at aktørane i dei nettverka/ samarbeida som er komne i gang i ulike lokalsamfunn har fokus på å styrkje og hjelpe kvarandre vidare.
- Det er alltid viktig at nokon i regionråd / Fylkeskommune/ Fylkesmann har ansvar for god kontakt med "grasrota" - og kontakten bør vera ein dialog som går vegar. Terskelen for å ta kontakt "nedante" med diverse ledd i forvaltninga må ikkje verke avskrekkande høg for folk som vil noko.
- Det er viktig at kommunar, forvaltningssystemet o.l. er fleksible om nødvendig, og er med å bekkar opp, brukar og profilerer aktørane/ prosjekta slik at dei kjem i mål med tiltak.
- Det er ynskjeleg at kommunar og forvaltning støttar opp om etterfølgjande prosjekt som jobbar vidare med tiltak og næringsutvikling ein var inom i Folgefonnprosjektet.
- Det er veldig viktig at der er rask og god flyt av ny informasjon frå sentrale ledd i Stat/ fylke enten direkte, eller via kommunane til folk uti bygdene. '
- Det er viktig at folk er **rause** når det gjeld kvarandre og andre, Sjølvom ein ikkje er direkte involverte i nye tiltak kan ein gle for positive ting som skjer, ikkje stikke kjeppar i hjula. Dette fordi ein alle stadar har framtidig felles glede og nytte av å ta vare på lokalsamfunna våre.
- All framtidias blomar er i frøa vi sår i dag!

Bleie den 27. november 2006

Prosjektleder Arnhild Bleie

Arnhild Bleie

*"All the flowers of all tomorrows are in the seeds of today!"
sitat av Buddha*





Sluttrapport 2006
BNL – Bærekraftig næringsutvikling
i lokalsamfunna